

Karmøy kommune
Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:
23/8754-6
Dato: **29.11.2023**
Saksnr.: **2023/69804**
Dok.nr.: **3**
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 64 bnr 482 - dispensasjon - nærleik til kulturminne - rehabilitering og nye vannleidningar - Stangaland – fråsegn vedrørende kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad i samband med rehabilitering og legging av nye vassleidningar på gnr 64 bnr 482 i Karmøy kommune. Tiltaket gjeld etablering av nytt kommunal VA-anlegg. Det omsøkte tiltaket ligg i kombinert føremål/tenesteyting i gjeldande kommunedelplan. Det skal leggest nye VA-leidningar i veg sør for gamle Eide skule.

Det ligg eit registrert kulturminne (ID 14725) inne på parkeringsplassen til skulen, ca. 25 m frå midten av vegen. Den eksisterande vassleidningen, som ligg inne på parkeringsplassen, skal takast ut av bruk, men ikkje gravast opp. Fagne har en leidning som går over parkeringsplassen. Denne leidningstraséen skal kanskje gravast opp i samband med anlegget

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Kulturminnet som er registrert her er eit lausfunn (ID 14725) - Fragment av buttnakket (?) grønnsteinsøks.

Det betyr berre at det er markert kor ein har funne ein gjenstand/lausfunn som er tatt inn til Arkeologisk museum UiS, og staden har ikkje status som automatisk freda, jf Kulturminnelovens §4.

Staden er totalt opparbeidd og potensialet for å finne noko av kulturhistorisk verdi, vert vurdert som svært liten.

Det vil seie at ein berre kan gå i gang med arbeidet som planlagt. Men vi vil likevel gjere merksame på at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i området som vert omfatta av tiltaket, må eventuelle funn ved gjennomføringa av tiltaket straks varslast om til Rogaland fylkeskommune, og

alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert funnet, jfr.
Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.